



Ragna Hjelmeland og Gunvor Næs sit her til venstre og til høgre under utdelingen av minnemedaljar på Rosendalstunet forleden

Museumsdagen på Bygdetunet Rød er eit årleg kulturelt høgdepunkt i bygda og søndag 23. august kjem han att - med eit svært allsidig program.

Nokre programpostar går att mens andre er nye. Ein gjengangar er den innleiande gudstenesta som denne gongen er ved sokneprest Lina Håland. Ho let nok røysten høyre i meir enn ein forstand. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi og kaker og så kjem ein bolk med krigsminne.



Sokneprest Lina Håland let nok røysten sin høyra på meir enn eit vis under museumsdagen

Lars Børge Sæberg og Trond Ramsøy skal leggja fram fleire opplysningar om trefningane på Rød - altså i nærleiken av bygdetunet - medan Johannes Bondhus har Nortraship og sjøfolka som tema. Systrene Ragna Hjelmeland og Gunvor Næs fekk nyleg minnemedalje for krigsinnsatsen på Skorpo og kjem med minne derifrå.

Siste post på programmet er trekkspelkonsert i Røykstova ved 2 av dei flinkaste med instrumentet i distriktet - det er verkeleg noko å se fram imot for entusiastane og andre.



Flinke trekkspelalarar som skal ha konsert

Ein post med lange tradisjonar i museumsdagen er styltmeisterkapet og den uteblir ikkje denne gongen heller. Den bør vera noko for borna, som dessutan går gratis!

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen